



## MØTEPROTOKOLL

### RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

**Møtedato:** 13.02.2018  
**Møtestad:** Heradshuset, Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 14:00 - 15:00

**Møtedeltakarar:**

| Medlemmer                | Parti | Rolle       |
|--------------------------|-------|-------------|
| Frode O. Kallestad Dyvik | KRF   | Utvalsleiar |
| Anne Christin Eide       | AP    | Nestleiar   |
| Kristin Lyngmo           |       | Medlem      |
| Ida Carlsen Eide Aabrek  |       | Medlem      |

---

**Andre møtande:**  
Sølvi Legård, referent

---

### Saksliste

| SAKSNR  | TITTEL   |
|---------|--|
| 01/2018 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE                     |
| 02/2018 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL                               |
| 03/2018 | DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR                                   |
| 04/2018 | REFERATSAKER OG MELDINGAR                                  |
| 05/2018 | ÅRSMELDING 2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE |



**01/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**RFF - sak 01/2018 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**RFF - sak 02/2018 Vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**03/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

På grunn av sjukdom vart orienteringa utsett til neste møte.

**RFF - sak 03/2018 Vedtak:**

Orienteringa vert utsett til neste møte.



**04/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Ida Carlsen Eide Aabrek vert påmeldt til å delta på SOR-konferansen. Leiaren tek kontakt med kommunalsjef Solrun Hauglum for påmelding. Påmeldingsfrist er 15. april

Frode O. Kallestad Dyvik og Ida Carlsen Eide Aabrek vert påmeldt til temadagen om Velferdsteknologi i regi av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland. Påmeldingsfrist er 5. mars.

Referatsakene vart elles tatt til orientering.

**RFF - sak 04/2018 Vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**05/2018: ÅRSMELDING 2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Årsmeldinga samrøystes godkjent.

Rådet ønskjer å få ei orientering om framdrift i arbeidet med tilkomst til Dale kyrkje.

**RFF - sak 05/2018 Vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

---



**ANDRE SAKER**

- Rådet ønsker ei forklaring på kvifor det er ulike satsar på eigenandelen for trening med fysioterapeut i bassenget. Dette spørsmålet har Ida Carlsen Eide Aabrek og stilt til kommunalsjefen
- Rådet drøfta tilkomsten til parkeringa for funksjonshemma framfor heradshuset. Det kan vere vanskeleg å koma til plassane med store bilar når det er fullt med parkerte bilar langs fortauet
- Råder ber om at det vert montert speil i heisen i heradshuset. Heisen er for liten til at det går an å snu inni; rullestolbrukarar må difor rygga inn i heisen og då er det trong for speil
- Rådet ønsker å bli involvert i ombygginga av politisk del i heradshuset